

KRIGEN

Krigens siste vindar

Ikkje noko anna tidsrom i norsk historie er granska og skrive så mykje om som krigen 1940-45. Ikkje noko anna tidsrom har gjennomgått så mange oppgjør rett etterpå. Likevel står kan hende dei viktigaste oppgjøra att, skriv Roald Helgheim.

Det er ein nærliggjande konklusjon etter lesing av boka *I krigens kjølvann*, som kom ut rett før århundredskiftet. Historikaren Stein Ugelvik Larsen har redigert boka, som er eit resultat av eit symposium ved Universitetet i Bergen i 1998. Symposiet vekte stor oppsikt, mest på grunn av historikaren Lars Borgerstruds dokumentasjon av den dramatisk store prosenten NS-medlemmer i det norske offiserskorps i det avgjerande året 1940. Det mest dramatiska etterpå var ikkje det hissige ordskiiftet, der etterkomarar kravde forskaren hovud på eit fat, men at Riksarkivaren (etter oppmoding frå ein forskar ved Hjemmefrontmuseet) oppheva Borgerstruds tilgjenge til arkiva. Saka vart anka til Kulturdepartementet, og etter ei belæring frå lovavdelinga i Justisdepartementet måtte Riksarkivaren gjere retrett.



Stein Ugelvik
Larsen (red):
I krigens kjølvann
Universitetsforlaget

Baksida av krigen

Borgerstruds oppdaterte artikkel «Militære veivalg 1940-45» er den lengste, og eit av høgdepunkta i ei bok som er viktig av mange grunnar. Ikkje fordi ho for den faginteresserte inneheld veldig mykje nytt. Men fordi ho meir enn femti år etter krigen, med alle hyllekilometerane med krigshistorie, viser kor mykje det står att å forske i om baksida ved den mest omskrivne av alle hendingar.

I dei seinare åra har det kome bøker om slike saker som den norske handsaminga og deportasjonen av jødane, om handsaminga av tyskarjentene, krigsbarna og NS-barna. Likevel er det påfallande kor lite vitskapleg forskning som er gjort om emna. Og kva med det tyske styret av Norge, den tyske administrasjonen, økonomien under krigen? Det måtte ein tysk forskar med namn Robert Bohn til å slå fast at «det mest overraskande i Norge er at ingen har gjennomført en omfattende systematisk forskning om den norske økonomien under okkupasjonen og dens totale betydning for tysk krigsøkonomi.»

Økonomien etterpå

I artikkelen «Det tyske Reichskommissariat i Norge 1940-1945»

skriv Bohn at «norsk økonomi har verken før eller senere blitt utsatt for større og mer vidtrekkende forandringer enn i løpet av disse fem årene». Endringane gjaldt ikkje berre dei økonomiske sidene, utbygginga av infrastrukturen, og næringslivet, men like mykje organiseringa av statens styring over økonomien: «Det var svært mye av dette som etter krigen ble ført videre. Vi kan nevne lokalisering av produksjonen, statlig støtte til fiskerinæringen, arbeidsformidlingen, generell styring av totaløkonomien gjennom sentralmyndighetene osv.»

Den tyske forskaren kjem i år ut med eit større

verk om *Reichskommissariat Norwegen*, men gir alt i fotnoten den norske historikaren Berit Nøklebys Terboyen-biografi det glatte lag.

I tillegg til dette inneheld boka ein artikkel om psykiatrien og den andre verdenskrigen (Nils Johan Lavik), om kommunistane sin plass i krigshistoria (Terje Halvorsen), om det tyske Abwehr og agentane deira (Tore Pryser), om avstraffinga av dei landsvik-dømde (Anders Chr. Gogstad), og om den arvesynda som har ramma avkommet av både tyskarjenter, NS-folk og andre kollaboratorar (Kåre Olsen, Jarl Eik, Stein Ugelvik Larsen).

Men kva er det som gjer dette viktig, kvifor grave i det uendelege; må vi ikkje no leggje krigen bak oss?

Blodvegen

Dette er det faktiske emnet for første kapittel, skriv av Odd-Bjørn Fure. For sonne er han kjend som historikaren som i pamfletten *Kampen mot glemselen* (1997) gjekk til frontalatak på Hans Fredrik Dahl og Dagbladet i ordskiiftet om den historiske revisjonismens ypparstepp, David Irving. I denne boka er vinkelen ein annan: Tabuiseringa av dei spørsmåla som har falle utanfor «den nasjonale konsensus» om krigen i Norge. Den tyske interneringa av russiske, jugoslaviske og polske krigsfangar i Norge (emne for den norsk-jugoslaviske filmen *Blodveien* alt i 1955) er kjend historie.

Men kor mange er det som veit at det var fleire drepne og omkomne blant desse utanlandske krigsfangane i Norge «enn de samlede tap av menneskeliv som Norge led under krigen, og de tyske tap i kampen om Norge» (Fure)? Det var både norske og tyske SS-vakter. I dei jugoslaviske leirane var det mellom 300 og 400 av SS-vaktene norske. I 1942-43 var dødstala for jugoslaviske fangar «så høye at det er tale om utryddelsesleirer».

At dette likevel har fått så perifer plass i krigshistoria skuldast neppe rolla til dei norske SS-fangane, meiner Fure, ei rolle Nils Christie analyserte alt i 1972. Mange skildringar viser at nordmenn utanfor som kom i nærleiken av fangane, gjorde sitt beste for å hjelpe dei og smugla mat inn i leirane. Korleis kan ein då forklare at dette feltet etter krigen likevel «i stor grad har falt utenfor de okkupasjonshistoriske framstillinger og sannsynligvis har en ytterst marginal plass i den kollektive erindring? Ligger svaret i ubevisste forestillinger om hva som angår oss?», spør Fure. Han understrekar at utan kunnskap om både det allmenne og det særigne ved krigen, er det ein fåre for at «motstandskomponenten i det norske reaksjonsmønsteret får en altfor dominerende plass – både i historiske framstillinger og den kollektive erindring».

Hemn i går og i dag

Slik eg ser det, er dette nøkkelspørsmål, ikkje minst om ein jamfører med aktuelle europeiske krigshendingar i dag. Etter krigen 1940-45 vart ikkje berre dei reine landssvikarane utsette for hat og hemn på utsida av det offisielle krigsoppgjøret. Sjølvtekt var minst like omfattande mot dei såkalla tyskarjentene, som ikkje hadde forbrote seg mot lova, men mot den offentlege moral. Soga om NS-borna og tyskarungane (krigsbarn av norsk-tyske foreldre) er også ei søge



der ikkje berre rettsstatlege normer vart sette til side, men der «statlige institusjoner demonstrerte holdninger som hadde berøringspunkter med nasjonalsozialistiske tankefigurer» (Fure). Seinast i Aftenposten 15. januar i år er det intervju med sju «tyskarungar» som vart mobba, ikkje berre av familien og lokalsamfunnet, men i offentlig regi, av tilsette i alle institusjonar dei vart plasserte i.

Det «minneverdige»

Det er ikkje noko som i prinsippet skil dette frå dei hemn- og hat-felttoga vi har sett frå begge sider i krigen på Balkan. Eit folks etiske og moralske habitus kan ikkje berre – ikkje ein gong først og fremst – målast etter ein motstandskamp som det er nasjonal semje om, det Fure kallar dei nasjonale minneverdige hendigane. Det er dei mindre minneverdige handlingane vi no har mest å lære av.

Ei slik lite minneverdig handling som har kome i fokus dei seinare åra, er handsaminga av jødane, og særleg deportasjonen av dei norske jødane til gasskammera i 1942 og 43. Dette herska det offisiell norsk tagnad om til inn på åttitalet, ein tagnad okkupasjonsforskarane Ole Kolsrud kalla «på grensen av fortieelse».

Jødehistorikaren Oscar Mendelssohn og seinare Kristian Ottosen har skrive om det. Det er ein veikskap hos Fure når han ikkje nemner Per Ole Johanssens *Oss selv nærmest* (1984), den boka som på åttitalet meir enn andre gjorde eit breiare publikum merk-sam på den norske diskrimineringa av jødane som kulminerte med deportasjonane.

På den andre sida er jamføringa Fure gjer med Tyskland og særleg Frankrike interessant. Franske politikarar har langt opp på nittitalet insistert på at dei franske jøde deportasjonane som vart gjennomførte under Vichy-regimet, ikkje var den franske statens ansvar. Kva då med dei norske?

Det statlege norske politiet var ein av institusjonane okkupantregimet såg seg tent med å halde på under okkupasjonen. Dette politiet gjennomførte lojalt pålegget om å gå til aksjon og samle alle jødar som skulle deporterast. Som Per Ole Johansen peikar på i boka si, fungerte politiet som fløyelshansen den tyske jarnneven trøng for å gjere innsamlingsaksjonen mest mogleg effektiv og smertefri.

I ei oppsiktsvekkjande rettsak etter krigen vart politiet sin leiar for aksjonen i Oslo frikjend, fordi han også skulle ha gjort tenester for Heimfronten. Den einaste som er gjort ansvarleg for handsaminga

KRIGEN



Ein frigjord sovjetisk krigsfange med ein norsk gut ein stad i Troms. Visste du at det omkom fleire utanlandske fangar i krigsleirar på norsk jord enn det samla tapet av norske og tyske menneskeliv som resultat av krigen i Norge? (Ill.: «Norge i krig»)

av jødane er difor Vidkun Quisling, som i dommen sin også fekk skulda for uaktsamt drap på dei norske jødane. Men det er først på tampen av dette krigshundreåret at norske jødar har fått det endelege oppgjøret for dei eigedommane nordmenn slo under seg etter dei som vart sende til den store tilinkjesgjeringa.

Nasjon og historie

Stein Ugelvik Larsens bok inneheld mange kapittel det ikkje er plass til å gå inn på her (som Hans Pre-

Slik skal sigeren bli hugsa, gjennom kongens og kronprinsens triumfferd opp Karl Johan etter at kong Haakon etter hadde sett foten på norsk jord 7. juni 1945. (Ill.: «Norge i krig», bind 8, Aschehoug 1987)

drik Dahls artikkel om den lagnaden Quisling fekk, samanlikna med europeiske ånds- eller artsfrendar. Ugelvik Larsen er ein kapasitet på okkupasjonsforskning som også står bak det store internasjonale verket om *Modern Europe under fascism*. I ei grundig innleiing gjer han greie for det veldige omfanget av den eksisterande okkupasjonsforskninga frå 1945 til no, for å setje henne i relieff til dei manglane som enno er der. «En nasjon trenger en historiefremstilling og en historieforståelse som gir mening for den enkelte og gir legitimitet til de nasjonale institusjonene», skriv Ugelvik Larsen.

Ei slik forståing har ein politisk funksjon. Etter krigen var oppgåva først og fremst å legitimere krigen handingar for det sitjande regimet. Når dette er slått fast, verkar boka enda sterkare til å punktere oppfatninga om at det viktigaste no er sagt og skrivt om krigen.

For ein amatør som underskrivne, som innimellom har følgd feltet frå sidelina som journalist, er boka ei positiv overrasking. Artiklane er i seg sjølve ikkje fullførte forskingsarbeid, men ein del viktige søkjelys som i ei mindre akademisk form burde vere obligatorisk tilleggsspenum i skulen.

To slags konsensus

Ole Kristian Grimnes er ein av dei mest etablerte i det krigshistoriske lauet. I artikkelen «Kollaborasjon og oppgjør» tar han for seg dei samarbeidsformene som frivillig eller tyungent oppstår mellom okkupanten og dei okkuperte i krig. Her hevdar han at for di den politiske kollaborasjonen som førte til dei famøse riksrådsforhandlingane tok slutt så tidleg som den 25. september 1940, gjorde det at «et splittende moment på den nasjonale front snart forsvant». Vidare: «Det er samtidig en viktig forklaring på hvorfor den nasjonale konsens om okkupasjonshistorien har vært sterkere i Norge enn i andre land».

Sett i samanheng med Borgersruds artikkel om oppførselen til den norske offiserstanden i 1940, er den ein interessant påstand. Gjennom mykje medietale er resultatet av forskinga til Borgersrud kjend.



Deportasjonen av norske jøder til Tyskland under krigen var et blankt kapittel i krigshistoria til impa attiløket.

Mellom rundt 650 offiserar som etter kommando og stilling hadde nøkkelposisjonar da Tyskland okkuperte Norge, var prosenten NS-medlemmer sju gonger så høg som hos det folket officerskorpset hadde som yrke å leie i kampen mot nazismen. Mange gjorde eit nummer av at dei kom på rett side seinare i krigen, og størst oppstyr kom etter avsløringa av dei mest krigsdekorerte offiserane. Men som Borgersrud også peikar på, fall vendepunktet for mange av dei som aktiviserte seg mot slutten av krigen, saman med avgjerande vendepunkt i krigsutviklinga ute i Europa.

Borgersrud illustrere dette med eit ordspråk: «Den velger alltid rett side som venter med a velge». Det er ein annan måte å seie det på at yrkesoffiserane snudde kapp etter krigen vindar.

Offisersstanden

Utanom den nitide kartlegginga av haldninga våpengrein for våpengrein, stilling for stilling, etat for etat, les eg to andre viktige moment ut av Borgersruds artikkel.

Det samfunnsbiletet som prega den øvste offiserstanden var farga av at alle generalane og oberstane i 1940 faktisk hadde utdanninga si så tidleg som i unionista med Sverige. Det gammalkonservative korpset hadde dessutan sett på den fascistiske frammarsjen i Europa som det mest effektive bolverket mot arbeidarrørse og kommunisme, og lojaliteten til den norske «sosialistregjeringa» var deretter.

Borgersrud viser også at Administrasjonsrådet fekk mykje å seie for det som hende med offiserane. Flykkesmann Christensen som leia radet var sjølv offiser. «Christensen hadde stor autoritet. Han var i realiteten det okkuperte Norges statsminister, og Administrasjonsrådet var i realiteten et tysk forsøk på å skape motregjering».

Då offiserane kom attende etter det mislukka første felttoget, var det naturleg for dei å underlegge seg Administrasjonsrådet, som etter tyske krav på yrkesoffiserane å skrive under æresord om ikkje å ta opp vidare motstand. Fire-fem tusen norske soldatar internerte i Sverige vart sende heim til Norge i samråd med regjeringa i London, og offiserane som var med vart avkravd æresord av tyske representantar som møtte opp på jernbaneperrongen i Halden, og gav dei valet mellom det og fangenskap. «Kunne det nøytrale Sverige sende Norges flyktende offiserer mot deres vilje inn i tysk fangenskap hvis Norge var krigførende? Slike spørsmål stilte offiserene seg, og mange trakk konklusjonen at regjeringen ikke hadde bruk for dem», skriv Borgersrud. «For yrkesoffiserene var dermed krigen definitivt slutt. De oppfattet seg ikke i krig, og så på Administrasjonsrådet som sin legitime myndighet, regjeringen Nygaardsvold og Kongen som avsett, og tyskerne som krigens seierherre».

For dei som hadde som yrke å leie nasjonen i krig skapte altså den kortvarige «politiske kollaborasjon» ein konsensus meir lagnadstung for Norge enn det som er Grimnes sitt poeng, med alvorlege følgjer for resten av krigen.

At det heller ikkje er semje om det «alle» først var samde om, er dermed eit spennande lite ekstrapoeng i denne boka.

Ronald Helgheim